



## Notat

**Dato**  
LEIKANGER, 13.10.2016

**Frå:** Fylkesdirektøren for opplæring

**Til:** Hovudutval for opplæring

### Notat til orientering - Felles nasjonalt tilsyn 2014-2017

#### Innleiing

Utdanningsdirektoratet og fylkesmennene skal i perioden 2014 til 2017 gjennomføre felles nasjonale tilsyn med skular og skuleeigar på området *elevane sitt utbyte av opplæringa*. Tilsyna rettar fokus mot skulen sine kjerneområde, og skal bidra til at alle elevar, uavhengig av føresetnader, får eit forsvarleg utbyte av opplæringa, i samsvar med kompetansemåla i Kunnskapsløftet.

Meir informasjon om tilsyna finn ein på [Utdanningsdirektoratet](#) sin nettstad.

Mange av pliktene som er undersøkte i tilsynet er retta direkte mot skulane. Skuleeigar har likevel det overordna ansvaret, gjennom å ha eit forsvarleg system som sikrar at krava i opplæringslova og tilhøyrande forskrifter vert oppfylte.

Tilsynet er delt i tre undertema:

- 1) Korleis skulen arbeider med elevane sitt utbyte i opplæringa
  - a) Det lokale arbeidet med læreplanar og individuelle opplæringsplanar
  - b) Individuell undervegsvurdering i fag
  - c) Spesialundervisning – meldeplikt
  - d) Særskild språkopplæring - kartlegging
- 2) Forvaltningskompetanse (sakshandsaminga)
- 3) Skulebasert vurdering

Tilsyna skal vere lærande, mellom anna gjennom rettleiing frå fylkesmannen i forkant. På den måten får skuleeigar/skule høve til å gå gjennom eigne rutinar alt før tilsynet, og eventuelt rette avvik. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomførde eit slikt rettleiingsmøte med dei vidaregåande skulane og fylkesdirektøren for opplæring 26.06.2014.

Fylkesmannen nyttar i tilsyna omgrepene *lovbrot* når det vert avdekt at lov- og regelverk ikkje vert følgjt.

Det er utarbeidd [rettleiingsmateriell](#) til bruk for skulane og skuleeigar i tilsynet, med mellom anna sjekklistar og skjema for eigenvurdering.

#### Tilsyna i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i perioden 2014-2016 gjennomført tilsyn ved Måløy, Stryn, Eid og Firda vidaregåande skular.

Tilsyna har vore gjennomførde ved intervju og gjennom innsend dokumentasjon. Fylkesmannen utarbeidde på grunnlag av dette ein førebels rapport for kvar av skulane, som vart drøfta i møte med skuleigar og den aktuelle skulen. Skuleigar og skulen fekk i møtet høve til å rette eventuelle misforståingar og uklare punkt.

Dei endelige tilsynsrapportane viste lovbrota fylkesmannen hadde dokumentert gjennom tilsyna. Skuleigar fekk etter dette ein frist for å vise korleis lovbrota skulle lukkast. Dersom lovbrota ikkje er retta innan fristen har fylkesmannen mynde til å vedta pålegg om retting.

Fylkesdirektøren omtalar nedanfor kort det einskilde tilsynet.

#### Stryn vidaregåande skule:

Tema for tilsynet på Stryn vidaregåande skule var generelle sakshandsamingsreglar for enkeltvedtak, enkeltvedtak om spesialundervisning og enkeltvedtak om særskild språkopplæring. Endeleg tilsynsrapport låg føre 24.02.2015. Denne konkluderte med til saman 7 lovbroter.

For å rette lovbrota skulle Sogn og Fjordane fylkeskommune sjå til at:

- skulen varslar elevar og foreldre før enkeltvedtak om avvik frå det ordinære opplæringstilbodet
- enkeltvedtak inneheld informasjon om retten etter forvaltningslova til å sjå saksdokumenta
- skulen innhentar samtykke frå foreldra eller elevar over 15 år før dei set i gang utgreiing av behov for spesialundervisning
- skulen gir eleven/foreldra moglegheit til å uttale seg om innhaldet i den sakkunnige vurderinga før enkeltvedtaket vert gjort
- enkeltvedtak om spesialundervisning grunngir eventuelle avvik frå den sakkunnige vurderinga/tilrådinga
- enkeltvedtaket om spesialundervisning inneheld opplysningar om fag/område og om eventuelle avvik frå læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06) i spesialundervisninga
- skulen gjer enkeltvedtak om stans av særskilt språkopplæring når eleven vert overført til den ordinære opplæringa

Fylkesdirektøren la i brev 04.05.2015 til fylkesmannen fram plan for korleis lovbrota skulle rettast opp.

I brev datert 29.06.2015 skriv fylkesmannen at han finn det sannsynleg at lovbrota er retta, og at tilsynet formelt sett er lukka.

#### Måløy vidaregåande skule:

Tema for tilsynet var skulen sin forvaltningskompetanse (sakshandsaming) i avgjerder om særskilt tilrettelegging av opplæringa.

Endeleg tilsynsrapport låg føre 26.08.2015. Denne konkluderte med til saman 11 lovbroter.

For å rette lovbrota skulle Sogn og Fjordane fylkeskommune sjå til at:

- skulen varslar elevar og foreldre før det vert gjort enkeltvedtak om avvik frå det ordinære opplæringstilbodet
- førehandsvaselet gjer greie for kva saka gjeld
- førehandsvarselet inneheld opplysningar om kva føresegner i lova vedtaket byggjer på, og kva forhold rundt eleven om skulesituasjonen som er grunnlaget for vedtaket
- enkeltvedtaket (eller orienteringa om enkeltvedtaket) inneheld informasjon om retten etter forvaltningslova til å sjå saksdokumenta
- skulen innhentar samtykke frå elevar over 15 år før det vert sett i gang utgreiing av behovet for spesialundervisning
- skulen gir eleven/foreldra moglegheit til å uttale seg om innhaldet i den sakkunnige vurderinga før enkeltvedtaket vert gjort
- enkeltvedtaket om spesialundervisning grunngjev eventuelle avvik frå den sakkunnige vurderinga
- enkeltvedtaket inneheld opplysningar om fag/område og om eventuelle avvik frå LK06 i spesialundervisninga og kompetansekrav for dei som skal gjennomføre spesialundervisninga
- skulen gjer enkeltvedtak for elevar som har rett til særskilt språkopplæring
- enkeltvedtaket inneheld opplysningar om talet på timer, kva læreplan og organisering

- skulen gjer enkeltvedtak om stans av særskilt språkopplæring når eleven vert overført til den ordinære opplæringa

Fylkesdirektøren la i brev 21.10.2015 til fylkesmannen fram plan for korleis lovbrota skulle rettast opp.

I brev datert 10.11.2015 skriv fylkesmannen at han finn det sannsynleg at lovbrota er retta, og at tilsynet formelt sett er lukka.

#### Eid vidaregåande skule:

Tema for tilsynet var skulen sitt arbeid med utbyte av opplæringa.

Endeleg tilsynsrapport låg føre 19.03.2015. Denne konkluderte med til saman 7 lovbro.

For å rette lovbrota skulle Sogn og Fjordane fylkeskommune sjå til at:

- rektor sikrar at undervisningspersonalet knyter innhaldet i opplæringa kompetanse mål i det enkelte faget
- rektor sikrar at undervisningspersonalet tek vare på elevens rett til å kjenne til mål for opplæringa, kva som vert vektlagt i vurderinga av kompetanse og kva som er grunnlaget for vurderinga
- rektor sikrar at opplæringa samla dekkjer alle kompetanse mål på hovudtrinnet/i faget og individuelle opplæringsmål i den individuelle opplæringsplanen (IOP)
- lærarane rettleier elevane om kva dei må gjere for å auke kompetansen i det enkelte faget
- lærarane syter for å involvere elevane i vurderinga av eige læringsarbeid
- skulen har rutinar som sikrar at det vert vurdert om eleven også har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring når eleven har behov for særskild norskopplæring
- norskferdighetene til elevar med vedtak om særskilt språkopplæring vert kartlagde undervegs i opplæringa

Fylkesdirektøren la i brev 02.06.2015 til fylkesmannen fram plan for korleis lovbrota skulle rettast opp.

I brev datert 06.08.2015 skriv fylkesmannen at han finn det sannsynleg at lovbrota er retta, og at tilsynet formelt sett er lukka.

#### Firda vidaregåande skule:

Tema for tilsynet var skulen sin forvaltningskompetanse (sakshandsaming) i avgjerder om særskilt tilrettelegging av opplæringa.

Endeleg tilsynsrapport låg føre 01.12.2015. Denne konkluderte med til saman 9 lovbro.

Fylkesdirektøren viste i brev 16.03.2016 til fylkesmannen til følgjande plan for korleis lovbrota skulle rettast opp:

Pålegg frå fylkesmannen	Firda vidaregåande skule må	Fylkesdirektøren må
<b>Generelle sakshandsamingsreglar for enkeltvedtak:</b> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) <i>Sogn og Fjordane fylkeskommune må syte for at sakshandsaminga ved Firda vgs oppfyller krava i forvaltningslova til førehandsvarsel, jf. §16.</i> <ol style="list-style-type: none"> <li>a) Skulen varsler elevar og foreldre før det blir gjort enkeltvedtak om avvik frå det ordinære opplæringstilbodet</li> <li>b) Førehandsvarselet gjer greie for kva saka gjeld</li> <li>c) Førehandsvarselet inneheld opplysningar om kva føresegner i lova vedtaket byggjer på og kva forhold rundt eleven sin skulesituasjon som er grunnlaget for vedtaket</li> </ol> </li> <li>2) <i>Sogn og Fjordane fylkeskommune må syte for at saksbehandlinga ved Firda vidaregåande skule oppfyller krava til enkeltvedtak etter forvaltningslova, jf. forvaltningslova §§ 18, 24, 25 og 27.</i></li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1a) Utarbeide skriftelege rutinar som sikrar at sakshandsaminga vert i samsvar med lovverket, gjerne gjennom ei rutinehandbok.</li> <li>2a) Nytte fastsett mal for enkeltvedtak i kvalitets- og rutinehandboka</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1 b og c) Malen for førehandsvarsel som ligg i kvalitets- og rutinehandboka er oppdatert i høve krava frå fylkesmannen.</li> <li>2a) Malen for enkeltvedtak som ligg i kvalitets- og rutinehandboka opplyser om retten til å sjå saksdokumenta.</li> </ol>

a) Enkeltvedtaket (eller orienteringa om enkeltvedtaket) inneheld informasjon om retten etter forvaltningslova til å sjå saksdokumenta.		
<b>Enkeltvedtak om spesialundervisning:</b>		
3) <i>Sogn og Fjordane fylkeskommune må syte for at Firda vidaregåande skule ved behov for spesialundervisning oppfyller opplæringslova §§5-3 og 5-4, jf. forvaltningslova §2 og kapittel IV og V.</i>  a) Skulen innhentar samtykke frå elevar over 15 år før dei set i gang utgreiing av behovet for spesialundervisning b) Skulen gjev eleven/foreldra moglegheit til å uttale seg om innhaldet i den sakkunnige vurderinga før enkeltvedtaket vert gjort c) Enkeltvedtak om spesialundervisning grunngjev ev. avvik frå den sakkunnige vurderinga d) Enkeltvedtaket inneheld opplysningar om kompetansekrav for dei som skal gjennomføre spesialundervisninga	3a og b) Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar at sakshandsaminga vert i samsvar med lovverket, gjerne gjennom ei rutinehandbok.  3c og d) Nytte fastsett mal i kvalitets- og rutinehandboka	3a) Mal for samtykke til utgreiing av behovet for spesialundervisning ligg i kvalitets- og rutinehandboka.  3c) Malen for enkeltvedtak som ligg i kvalitets- og rutinehandboka har eit punkt der det skal gjerast greie for ev. avvik frå den sakkunnige vurderinga.  3d) Kravet til kompetanse går fram av malen for enkeltvedtak.
<b>Enkeltvedtak om særskilt språkopplæring</b>		
4) <i>Sogn og Fjordane fylkeskommune må syte for at Firda vidaregåande skule ved behov for og opphør av behov for særskilt språkopplæring oppfyller forvaltningslova §2 og kapittel IV og V og opplæringslova §3-12.</i>  a) Det blir gjort enkeltvedtak om stans av særskilt språkopplæring når eleven blir overført til den ordinære opplæringa	4a) Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar at sakshandsaminga vert i samsvar med lovverket, gjerne gjennom ei rutinehandbok.	4a) Mal for enkeltvedtak om stopp av særskilt språkopplæring ligg i kvalitets- og rutinehandboka.

Tilsvarande planar vart utarbeidde for dei tre andre skulane.

I brev datert 29.09.2016 skriv fylkesmannen at han finn det sannsynleg at lovbrota er retta, og at tilsynet formelt sett er lukka.

### Oppsummering

Fylkesdirektøren for opplæring konstaterer at dei fire tilsyna har vist at nokre rutinar på dei aktuelle skulane ikkje har vore i samsvar med reglane i opplæringslova, forskrift til opplæringslova og forvaltningslova.

Fylkesdirektøren har i si tilbakemelding til fylkesmannen, for kvart av tilsyna, vist korleis lovbrota no er retta opp. Det inneber mellom anna nye felles malar for enkeltvedtak om spesialundervisning og særskilt språkopplæring, for stans av særskilt språkopplæring og for varsling og samtykke. Skulane har revidert eigne skriftlege rutinar/handbøker. Alle felles malar ligg i ESA, det felles saks- og dokumentarkivet fylkeskommunen nyttar. Kvalitets- og rutinehandboka for opplæringssektoren er revidert, og det er orientert om tilsyna til dei andre vidaregåande skulane ved fleire høve, både skriftleg og munnleg.

Fylkesdirektøren vil også framover legge til rette for at erfaringane frå tilsyna kjem dei andre vidaregåande skulane til gode.

Fylkesdirektøren ønskjer til slutt å understreke at tilsyn generelt sett er nytige prosessar i arbeidet med kvalitetssikring av vidaregåande opplæring. Dei vidaregåande skulane opplever også tilsyna som verdifulle, men likevel svært tidkrevjande. Omlegginga til lærande tilsyn har etter fylkesdirektøren si vurdering vore fornuftig, og det har gitt eit heilt anna utbyte av tilsyna enn det som har vore tilfelle tidlegare.

Dei fire tilsynsrapportane ligg på Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sin nettstad:

[Tilsynsrapport Firda vidaregåande skule](#)

[Tilsynsrapport Stryn vidaregåande skule](#)

[Tilsynsrapport Eid vidaregåande skule](#)

[Tilsynsrapport Måløy vidaregåande skule](#)

